

1.6.6

**HANS NIELSEN HAUGE'S**  
**VERKSEMND I MØRE OG ROMSDAL FYLKE**

**ETTER ELDRE BØKER OG**  
**YMSE ANDRE KJELDOR**

**VED**

**NILS M. H. MAGERØY**  
**OG**  
**ARNE H. MAGERØY**

**2. OPPLAGET**

**MØRE OG ROMSDAL KRINS AV DET NORSKE MISJONSSKAP**

HANS NIELSEN HAUGE'S  
VERKSEMND I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

ETTER ELDRE BØKER OG  
YMSE ANDRE KJELDOR

VED

NILS M. H. MAGERØY  
OG  
ARNE H. MAGERØY

2. OPPLAGET

MØRE OG ROMSDAL KRINS AV DET NORSKE MISJONSSKAP

P. PETERSENS TRYKKERI  
MOLDE 1946.



## F Y R E O R D.

*Ei heil og samanhangande søge um H. N. Hauges verksemd i Møre og Romsdal fylke er det no umogeleg å setja ihop. Det er longe for seint,*

*Etter oppmoding av sekretær i det Norske Misjonsselskap O. L. Gjønnnes, Molde, hev eg då prøvt å setja saman dei opplysningar som eg hev fenge tak i, so godt det let seg gjera. Men her er rom for mistak, og eg skulde inderleg ynskja at andre etter meg vil kunna utfylla og retta.*

*Volda juni 1945.*

*NILS MAGERØY.*

*Fyrste opplaget var på 1000 eksemplar. I 2. opplaget - 2000 ekspl. - er teksten noko brigda side 6, 7 og 15 fylgjande. Millom anna er medteke eit Haugebrev som ikkje var med i 1. opplaget.*

*Forlaget.*

**H**ANS NIELSEN HAUGE kom til Bergen i 1799, og det var andre gongen han var i den byen. Nett i dei dagar bar det på Austlandet laust med arrestasjonar og forfylgjingar mot haugianarane. Men i Bergen sat biskop Johan Nordal Brun som ein konge, og i hans bispedøme vart det ingi forfylgjing. Kannhenda var det dette som fekk Hauges vener til inderleg å beda honom gjeva seg til i Bergen. Men Hauge sa greidt ifrå at det var mot hans kall å verta sitjande i ro. Den 15. juli same sumaren tok han på veg nordover. Me veit at han på denne ferdi for gjennom Sunnfjord og Nordfjord og kom til Sunnmøre.<sup>1</sup> Segni segjer at han tala ved kyrkjegardsmuren i Volda,<sup>2</sup> og det er mest truleg at dette viser til fyrste gongen han var på denne staden. No misser me faret etter honom, like til han er komen til Halså i Nordmøre. Men då heile ferdi hans frå Bergen til Trondheim hev teke mindre enn tri vikor, må me helst tru han hev siglt umlag snøggaste vegen frå Ålesund til Kristiansund. Seinare skal nemnast fleire stader nær Kristiansund som me veit han hev gjesta. Men det synest urimeleg at han kann ha vore på desse stadene no på denne fyrste ferdi; han kunde då visst ikkje kome til Trondheim på so kort tid. Frå Kristiansund hev han teke til Halså med kos innover og er komen til Åsskard.<sup>3</sup> I Settemsdalen råka han ei gjætargjente. Hauge helsa på henne og sa: „Tenk på Gud kvar du stend og gjeng!“ Gjenta tenkte over dette og vart umvend til Gud. Denne gjenta var frå Søyla (heiter no Sollia).

Hauge gjeng no til Surnadalen<sup>4</sup> og tek på veg oppover til Rindalen. Han tøygde på og gjekk ei heil natt, so han kunde nå fram til Rindal kapell til høgmesse. Sundagsmorgonen tidleg sat han og kvilde seg ut i tunet på Harrang.

<sup>1</sup> Bang: H. N. Hauge og hans samtid, side 188.

<sup>2</sup> Fortalt av rektor Henrik Kårstad.

<sup>3</sup> Berre på denne ferdi, 1799, finn eg plass til dette. Det er meg fortalt av kand. teol. Arne Sæter.

<sup>4</sup> Bang: H. N. Hauge, s. 188 og utover.

Sidan fylgde han harrangfolket til kyrkje. Etter messa gjekk Hauge med bibelen under armen i folkeflokken i Rindals-tunet. Han spurde um han kunde få halda eit møte i storstova på garden. „Presten var ovleg god,“ sa han; „og dersom de lever etter det han sa, er de lukkelege.“ Folk flokka seg nyfikne attåt, for det hadde vorte kunnigt at det var den namngjetne Hauge. Det vart ein husmann som laut taka til ords og svara: „Me vil gjerne du skal tala, um du sjølv vil.“ Vel møtet i stova hadde teke til, kom medhjelparane med bod frå presten, Finckenhagen, at Hauge ikkje fekk lov å halda gudelege samlingar i hans prestegjeld. Hauge bad dei gå attende med oppmoding til presten um sjølv å vera med på møtet. Til dette svara presten nei, og han køyrde sin veg. Då Hauge fekk høyra kva presten hadde svara, sa han: „Når presten forbyd meg å tala, so må eg lyda.“ Til avskil klappa han medhjelparen på oksli og sa: „Me fær kanhenda enno ein gong talast ved her i livet. Um ikkje, so møtest me på den store dag. Då skal det syna seg at det var Sanningsanden som tala gjenom meg.“

Fyrst i august 1799 er Hauge i Trondheim. Haugerørsla var komi dit fyre honom og hadde sett høg sjø ved den namngjetne saki mot Nils Riis. I Trøndelag verka Hauge vidt og breidt, vart fengsla og sidan – i mars 1800 – send heim til Tune over Dovrefjell.

Men i 1801 finn me atter Hauge i Bergen. No set han seg ned der som handelsborgar.<sup>5</sup> Fire skutor sender han nordetter kysten. Sjølv gjeng han landvegen til Trondheim. Han for framum Gloppa i Nordfjord, og vonleg hev han vel ogso denne gongen gjesta Volda. Men noko visst veit me ikkje um dette. I tilfelle er han komen til Sunnmøre i oktober. Det må naudsynt vera på denne ferdi me finn Hauge verksam i Aukra, Romsdal.<sup>6</sup> Der ifrå tok han til Tornes, Bud, Hustad, Farstad, Talstad, Haukås i indre Fræna, Årø til Eide i Kleive. Med denne ruta gjekk det so til:

<sup>5</sup> Bang: „H. N. Hauge“ s. 261 o. flgj.

<sup>6</sup> Meldt meg av prost Seljedal og lærar A. M. Magerøy.

Då Hauge heldt møte på Farstad, kom ein Ingebrikt frå Eide på Nordmøre og bad Hauge koma dit. No hadde Hauge nett fenge brev frå Lasse Anderson Eide i Kleive med bøn at han måtte koma dit. Hauge forstod ikkje at det heitte Eide på tvo plassar; han bad Ingebrikt tillysa møte til den og den dagen. Dette gjorde Ingebrikt. Men det vart vonbrot, for Hauge kom ikkje. Det er sagt kva veg han tok. På Haukås fekk han ein god ven, Peder K. Haukås. Frå andre Fræna tok han over fjellet til Årø, og det segjest at han vart jaga dit. Der verka han ei kort stund, og so kóm han då til Eide i Kleive. Då der ingen Ingebrikt var som hadde tillyst møte, fekk Hauge greide på mistaket. Men kannhenda var det Gud som styrde mistaket. Nemnast skal det at Hauge kannhenda på denne ferdi – hev fenge venen Jon Avleson Utheim, som seinare skal nemnast.

Skal me no få samanheng i hendingane, lyt me tru at Hauge hev teke vegen frå Hjelset til Batnfjorden, framum Øre til Torvik på Nordmøre.<sup>7</sup> For der skal me finna honom arrestert. Futen Bull og tvo lensmenn førde Hauge oppover Torvikdalen og tok inn på garden Dalen. Dei tri fekk seg mat, men dei nemnde ingen ting um mat til Hauge, som sat på hoggestabben med jarn på hendene. Då sa kona: „Du hev vel gjort eitkvart gale du. Men eg tykkjer synd i deg, og du skal få som hine.“ Ho sette ein stol burt til Hauge og sette mat på stolen. Hauge svara: „Eg hev ein mat å eta som de ikkje veit um,“ (Joh. 4,32). „Stakkar, han vantar visst på vitet og,“ sa kona. Men då ho ein gong seinare fann att desse ordi i huspostillen sin, tok ho til å tenkja.<sup>8</sup> –

Futen snudde no heim. Men lensmennene førde Hauge til Kleive. Der slepte dei honom laus. Han tok inn på garden Romuld tett ved kyrkja, var med på låven og truska

<sup>7</sup> Hægtveit: „Den norske kirke i det 19. årh.“ Band I s. 278.

<sup>8</sup> Hægtveit tidfester ikkje denne hendingi med årstal. Men det er uråd å få plass til dette andre stader enn på andre trondheimsferdi 1801. Når Hægtveit let Hauge koma til Dalen jolekveld, då er dette tydeleg nok rangt. Ingen stod på låven og truska i romhelgi. Og straks over nyår er Hauge i Trondheim.

og tala med folket um deira sjels frelse, kjærleg og vinnande. Um kvelden gjekk bod rundt til grannane, og det vart møte og vekkjing. Lenge var han då ikkje i Kleive. Han reiste over Osmarki og innover Sundalsfjorden.<sup>9</sup> Det er ikkje urimeleg at han no er komen til Ålvundeidet og hev halde samling på Opdøl. Me veit ikkje. Men det er lettast å tenkja seg at han tok over Ålvundeidet til Rykkjem, Kvennalandet, Surnadal. Dit er han komen straks fyre jol.<sup>10</sup> Denne gongen heldt han samling hjå lensmann Rolv Sogge. Dette møtet ser ut til å ha vorte mykje umtala sidan. Son til lensmann Sogge gjesta då ogso Hauge på hans sotteceng i 1824. Mor hans gamle Lars Faksnes er ogso nemnd millom deim som var på dette møtet. Gjennom desse og vel mange andre hev møtet vorte hugst.<sup>11</sup>

Mykje folk strøymde til møtet.<sup>12</sup> Finckenhagen fekk høyra gjete det skulde vera møte, og han kom, vonleg i det ærend å få Hauge arrestert. Møtet sjølv må truleg ha gjenge fredleg, so ordet fekk verka med makt. Men etter møtet tala presten og Hauge lenge med einannan, visseleg påhørde med spaning. Finckenhagen merka at Hauge var ein opplyst mann og med gode givnader. Han tilbød seg å hjelpa Hauge til å verta prest. Hauge svara at han var kjøpmann i Bergen og laut skøyta handelen sin. „Ja, men då må du ikkje reisa soleis,“ sa presten. Jau visst vilde Hauge ha fridom til å reisa i sine eigne handelsærend, og Guds ord kunde ingen binda. Enden på leiken vart at lensmannen fekk påbod om å frakta Hauge ut or bygd. Og neste dag gjorde lensmannen som han var sagd. Men på Aune stogga dei, og der hadde Hauge møte. Etter ein som den gongen hørde Hauge, hermer dei: „Slik tunge hadde eg aldri fyrr høyrte og fær eg aldri meir høyra.“ Lensmannen snudde her. Hauge kom til Bolme, og der tala han atter, neste kvelden. Kvelden deretter tala han på Tørset. Der dikta han denne salmen:

<sup>9</sup> Fortalt av provst Seljedal.

<sup>10</sup> Nordmøre tingprotokoll provar dette, segjer Seljedal.

<sup>11</sup> Dette segjer Arne Sæter.

<sup>12</sup> Bang, „H. N. Hauge“ s. 250.



*Du Kjærlighedens Gud og Fader;  
 Al Magt og Kraft er i din Hånd.  
 Fra dig vil jeg nu ej avlade,  
 men knytt' mig fast ved Troens Bånd.  
 Thi hver som udaf Anden drives  
 og bliver din trofaste Ven,  
 han da din Kjærlighed og gives,  
 som kun står fast når alt far hen.*

Dagen etter gjesta han umgangsskulen på Bolme. Nokre vener var med. Husbonden helsa Hauge venleg velkomen. Hauge sette seg og song eit vers. So fekk han tala med borni um deira barnelærdom. Men skulemeistaren furta. Han skreiv upp namni på alle som hadde vore der ved dette høve og meinte på at dei nok vilde verta neitta å koma til nattverdsbordet. Skræmeskot, truleg frå presten. Hauge tok vegen til Garberg og var dermed ute or fylket. Men etter segni å døma<sup>13</sup> hev Hauge halde fleire møte enn dei her nemde. Eitt møte hev han havt på Faksnes, anten det no meir var denne gongen eller på fyrste ferdi gjennom dalen. Dit hev både lensmannen og sokneprest Finckenhagen kome. Hauge tok tekst utor Openberringi. Presten heldt fram at Openberringi var ei atlati bok, som ingen burde prøva på å utleggja. Men Hauge tala, og presten gret. Marit Sæter hev fortalt dette, og hev sagt at Hauge då var på ferd oppover mot Rindal.

Hauge heldt ogso, uvisst kva tid, møte i Fuglsøy. Tvo gjentor som det året gjekk til konfirmasjon, vart vekte og kom til umvending der. Finckenhagen var liten nok til å spita deim. „De hev vel vorte heilage de,“ sa han.

Ein gamall legdekall i Surnadalen. hev ogso fortalt dette barneminne: „Ved Mo kyrkje såg eg ein gong då eg var smågut, ein frmand mann som gjekk i kring og tala med folk. Mannen la handi si på hovudet mitt og sa: „Tenk på din skapar i din ungdom, fyrr dei vonde dagar kjem; „Det var som det for noko frå hovudet og radt ned i føtene på meg.“

Legdekallen visste at dette hadde vore Hauge.

<sup>13</sup> Etter Arne Sæter.

Me synest skyna Hauge hev lagt stort arbeid på Surnadal, denne herlege og folkerike bygdi, og at han tidleg hev fenge mange vener der. I alle fall tok sokneprest Finckenhagen saki ålvorlig. Den 15. desember 1801 skreiv han til amtmannen, O. H. Sommerfeldt, Molde, og klaga på tri av Hauges vener i Surnadal. Den som fyrst skulde stå til rette, var Jon O. Rindal; i fylgje med honom Lars O. Bolme, og husmann og korporal Ola N. Høyli. Den 19 desember sende amtmannen ordre um saki til sorenskrivaren i Nordmøre, Jacob M. Lindemann,<sup>14</sup> Han budde på Øye i Surnadal. Og sjølv jolaftan sende sorenskrivaren innkalling til dei tri.

Dei innstemnde tok då den råd å leggja fram ei skriftleg forklåring. Korporalen skreiv, og og alle tri skreiv namni sine under. Dette var 2. januar 1802. Med denne forklåringi i lumma møtte då Jon upp hjå sorenskrivaren 7. januar 1802 saman med sine tvo vener. Innhaldet av forklåringi kjenner me ikkje. Men rettsprotokollen segjer:

„De bleve spurgte og tilholdte at give deres Erklæring i Retten om de ere villige til at holde sig aldeles borte fra saadane paaklagede Forsamlinger for Eftertiden, samt om de oftere skulde findes at give grundet Anledning til Paaklage i Anledning deres Forsamlinger og Foredrag, da at erlægge en av Øvrigheden bestemt vilkaarlig Mulkt.“

Denne straffetala var tydeleg nok tiltenkt å skræma, og soleis hev ho ogso verka. Dei ærlege bøndene hadde ikkje tenkt seg noko so gale som at dei skulde ha kongens lov mot seg; illviljen frå presten hadde nok vore einaste motstanden dei hadde rekna med. Jon Rindal legg fram den skriftlege forklåringi og svarar deretter for seg sjølv. Han hev vore med i samlingar, segjer han, der dei hev lese, og sjølv hev han ogso lese. Men forsømt sine arbeidsplikter mot foreldri sine ved dette, det hev han ikkje, gamle folk som dei er, og trengande hans hjelp. Ja, visst hev han ein gong vore

<sup>14</sup> Dette hev Seljedal teke or justisprotokoll åt sorenskrivaren nr. 28, folio 81 og 88-93. Sorenskr. Lindemann er far til organist Ole Andreas Lindemann.

i Meldalen; men det var i eit anna ærend. Der kjøpte han av Ola Valsmo ein av Hauges huspostillar. Boki var prenta i Kjøpenhamn, og ikkje var det kjent at det var forbode å lesa i den boki, anten åleine eller i lag med andre. Når han no fær vita det er mot Guds og kongens lov å fara kring og lesa boki åt andre, då vil han ikkje meir gjera slikt brotsverk. I anna fall må han vel taka den straff som kongens lov og skipnad legg på honom.

Det er greidt å skyna at sorenskrivaren hev undervist karane um „Konventikelplakaten“ av 1741. Då no Lars Bolme og Ola Høyli skulde svara for seg, so segjer dei bae at dei ikkje vil strida anten mot Guds eller kongens lov. Det må vera skynande at dei ikkje godt kann ha kunnskap um gamle kongebrev og påbod. Men Guds lov hev dei av bibelen og av gode bøker i samsvar med bibelen. Dei lova, som Jon, å lata vera å halda møte.

Med dette hadde Finckenhagen vunne ein god siger over Jon Rindal. Men endå var han ikkje den brysame mannen kvitt. Som fyrr nemt var sume konfirmentar komne med i vekkjingi. Dei heldt seg til Jon Rindal som sin åndelege far, og me skynar at sneidord ikkje hadde makta noko mot dette. So må presten på han igjen med ny klage. Den 4. mai 1802 var det månadsting i ytre Stangvik. Her vart det atter forhøyr på Jon. Det vart upplese ein skriftleg klage frå Finckenhagen, der han m. a. kjærer seg over at sume konfirmanter heng etter Jon og mottek undervisning av honom. Det er ogso likt til at Jon hev vorte neitta nattverden, og Finckenhagen hev teke frå honom ei bok, „Jesu Kristi forklaring i sjelen.“ Nokon dom fall ikkje her; men Jon Rindal vart sett i vareteksarrest, inntil saki hans kom for retten igjen den 19. i same månad og på same stad. Vitne vart då avhøyrde. Ein av medhjelparane til presten vitna. Han hadde høyrte av Lars Bolme at Jon Rindal og Hans Hauge i saman hadde halde møte i Lars Bolmes hus. Dette viser truleg til den gongen då Hauge gjesta umgangsskuien på Bolme (side 8). Men det var ingi meining i å koma med dette no. For dette

var ei sak som alt var upp og avgjord hjå sorenskrivaren 7. januar. Saki vart pådømd same dag, og Jon vart frikjend. Men nokor oppreisning for arresten høyrer me ikkje um.

Ein kan gjeta seg til at saki hev vore fylgd med åtgaum i Stangvik og Surnadal, og Finckenhagen spenn vist ikkje silke på dette.

Medan den arme surnadalspresten soleis drogst med å uskadelegjera Hauges vener i prestegjeldet sitt, utfalda Hauge sjølv ei stor verksemd i Trøndelag. Som læresveinen so meisteren. Den 15. mai vart Hauge utvist frå Trondheim, og soleis gjeng det til at han atter kjem gjennom Surnadalen nett som saki mot Jon Rindal var pådømd. Denne gongen gjekk ferdi sudover.<sup>15</sup> No heldt Hauge møte på Aune saman med Mikkel Grendahl. Ein som var der, hev fortalt: „Eg var trøytt. Grendal tala fyrst. Eg dubba. Men då Hauge byrja, for det som ein straum gjennom merg og bein. Eg laut undrast på den kraft som var i ordi hans.“

Kva andre møte Hauge heldt der i bygdi på denne ferdi hev me ingi fråsegn um. Postvegen gjekk over Lykkje-eidet, og den vegen tok Hauge.<sup>16</sup> På Lykkje-eidet finn me honom i eit brudlaup. Den rå ungdomen hadde drukke og dreiv ap med honom. Staven hans sparka dei millom seg på golvet. Då sa han stilt som for seg sjølv: „Å ja. Eg fortente visst ikkje betre medferd enn staven.“

Det var dei som la seg desse ordi på minne. Sidan gjekk Hauge til lensmannen. Han budde på Røen. Der vart han grovt og rått tiltala. Frimodig, men med spaklynde svara Hauge på alt. „Stakkars mann, du veit ikkje kva du sjølv segjer.“ Det var Hauges siste ord i samrøda.

Dagen etter gjeng Hauge til Stangvik kyrkje og høyrer preika av sokneprest Nicolai Tønder. I kyrkja var det etter gamal skikk dører som stengde for kyrkjestolane, og dei

<sup>15</sup> Bang: „H. N. Hauge“ s. 274.

<sup>16</sup> Hægtveit I side 278. Hægtveit tidfester dette til 1801. Det må med naudsyn vera 1802.

ymse stolane var etla visse huslydar.<sup>17</sup> Endå det no var godt rom, vilde ingen huslyd sleppa Hauge inn i sin stol. Han vart då ståande i midgangen under heile messa. Tønder la merke til den gaumsame mannen. Han sende etter messa medhjelparane med bod at Hauge måtte koma til prestegarden. Der talast dei ved, truleg ei lang stund. Til avskil sa presten: „Ja, vert du berre tru til enden, so er det bra.“

Ogso i Stangvik fekk Hauge nokre vener. Deretter fekk han båtskyss til Rykkjem og tok på veg innover Ålvundeidet. Me veit han heldt samling i Utistu på Åram. Ei gjente kom til umvending. På åkren – det var i våronni – tala han med Austistu-folket på Åram. Dei heitte Anders og Berit. Dei fata godhug for honom, bad honom inn og endå til ved avskilen forærte honom noko sylv. Av dette vart det sidan slarv.

So fekk Hauge husvist hjå Ola Arntson Gjersvoll. Ola søkte nok Gud, men var der attåt so lite pålitande at folk ikkje gjerne vilde tru på kristendomen hans. Dette vart onnorleis etter at Hauge hadde vore der. Det kom støleik i mannen og ærlegdom i kristenlivet hans. Av Hauge fekk han ein postille i foræring.

Sidan gjekk Hauge ned til Sunndalsfjorden, til lensmannen, Tore Opdøl. Tore og karane var ikkje heime; dei var på Valset i våronn. Tore åtte denne garden. Segni segjer for visst at Hauge hev halde samling på Opdøl. Dei hugste til og med den krakken han hadde sete på<sup>18</sup> Folk hev trutt dette var i 1804. Dette er då reint umogeleg. Det må anten ha vore no på denne ferdi i 1802, eller i 1801, (Sjå side 7) eller ogso i 1803. (Sjå side 15) Men det veit me for visst at Hauge fekk ein mann til å ro seg innover fjorden til Sunndalsøyri<sup>19</sup> – anten no dette meir var ein husmann, eller det var Ola, bror til Tore Opdøl; dei segjer ymse. Medan dei

<sup>17</sup> Dei største gardane hadde gjerne dei fremste og mest romslege stolane. Serretten til kyrkjestolane vart avteken ved lov i slutten av 19. hundradåret.

<sup>18</sup> Etter lærar A. M. Magerøy.

<sup>19</sup> Hægtveit I side 279.

rodde, song Hauge på kjæraste salmen sin: „Jesu, din søde Forening at smage.“ Aldri kunde roskaren seinare gløyma den mannen og den songen. „Det var so underleg å segja farvel med honom,“ er det hermt.

No tok Hauge oppover frå Sundalsøyri, og han spøta medan han gjekk. På ein gard – vonleg på Åker – gjekk han inn i vedskotet og tok til å hogga ved, til folket kom heim frå våronnarbeidet. Han fekk då lov å halda møte der um kvelden, og til det gjekk han sjølv i kring og bad folk koma. Det kom mange, og møtet vart alvorleg. Sidan helsa Hauge på Lars Torske, som saman med son sin arbeidde på åkeren. Lars fekk godhug for den framande mannen, og sonen hev sidan fortalt: „Framandkaren såg ut som ein Guds engel.“

På Trøledvollen heldt han samling. På Fale sat han ved sengi åt ein sjuk mann. På Flatvad budde han ei natt over, i huset åt ei truande enkje. I Romfo sokn vart det litt vekkjing. Lars Ivarson Romfo vart hans ven. Men han døydde alt i februar 1803. På Musgjerd vilde dei kasta greip og grev og få møte straks. Hauge meinte nei. Men um kvelden vart det møte. Jens Fredrikson Musgjerd vart leidar for venene i grendi. På Gjøra vart det møte, og mange kom til liv i Gud.

No gjekk Hauge til Opdal og Drivdal.<sup>20</sup> Hans verksemd der – utanfor vårt fylke – skal ikkje her umtalast. Men endå det visst ingen stad er skreve, må me halda for visst at han no gjekk over Dovrefjell; Dovre. Lesja, Lesjaskog ned Romsdalen. Ingen annan gong kan me leggja ruta hans gjennom Romsdal. Og gjennom denne dalen må han ha fare. For me høyrer at han seinere tilrårer sin ven, Lars Knutson, å kjøpa garden Kyllingen i Romsdalen.<sup>21</sup> Dertil er det fortalt at vekkjingi ved Hauge på Sunnmøre fyrst for alvor tok til dette året, 1802,<sup>22</sup> og dette tvingar oss til å tru at Hauges veg hev gjenge ned Romsdal og deretter over

<sup>20</sup> Hægtveit I s. 280.

<sup>21</sup> Bang s. 439.

<sup>22</sup> Heimt etter Bernt Støylen av rektor Riste.

Sunnmøre, fyrr han – etter Bangs fråsegn<sup>23</sup> – er komen til Gloppa. Til Bergen kom han over jonsok og hadde vel då bruka so ei seks vikor på vegen frå Trondheim.

I 1803 tok so Hauge ut på si siste langferd i landet vårt. Med fire skutor forlet han Bergen tidleg vårs og hadde såkorn tiltenkt til Trøndelag. Det rimelege er at han hev stogga i Kristiansund og ogso tala Guds ord i bygdene kringum. Me veit han hev vore i Straumsneset og i Nord-Kvalvåg på Frei<sup>24</sup> og fyrr er sagt – side 3 – at dette knapt kan ha vore i 1799. Vonleg hev han stogga og verka ei stund på ytre Nordmøre.

På denne ferdi kom Hauge like nord til Troms fylke. Komen sud atter til Trondheim, segjer han sjølv i sine „Reiser og Tildragelser,“ tok han over fjellet (Dovrefjell), og Bang hev skyna dette so at han hev fare den vanlege vegen (um Rennebu). Men bøndene i Stangvik skal ha vitna at Hauge fór der framum i oktober 1803. Då må me tru vegen hans hadde falle um Surnadal, Stangvik, Ålvundeid, Sunndal til Oppdal og Drivdal. So over Dovre.

Med dette hadde Hauge set vårt fylke siste gongen.

Hauge hev visseleg forfare fylket vårt mykje grundigare enn desse opplysningane gjev tokke av. Det er sagt for visst at han hev verka i indre Sunnmøre. I Romsdalen budde hans vener Daniel Arnesen og Lars Kyllingen (i Grytten). Elles hadde han vener i Vestnes, Veøy og Vågestrandi. Der budde hans austlandsven Elling H. Høidal († 1833). I Nesset, Bolsøy og Øre var mange haugianarar. Dette fortel Hægtveit.

Året 1804 er det stort uppstyr: Den danske regjeringi baud at Hauge skulde uppleitast og setjast fast. I høve dette etterlyste lensmann Stenersen i Stangvik Hauge på kyrkjebakken, og det var då bøndene hadde svara at Hauge hadde fare der framum i 1803.<sup>25</sup> Men Hauge var – etter ei ferd til

<sup>23</sup> Bang s. 274.

<sup>24</sup> Etter skriv frå Arne Sæter.

<sup>25</sup> Skriv frå lensmann Stenersen til futen i Nordmøre 4. des. 1804. Nordmøre fogdarkiv, pakke 21. Meldt meg av provst Seljedal.

Danmark – alt ved dette leite fastsett. Hans ferder var til ende. Hans liding stod for døri. Alle veit at saki mot Hauge tok heile 10 år, at han kom ut or fengslet helseknekt og sidan berre ved brev kunde koma venene sine til hjelp. Men på den måten vart han ogso endå ein gong kalla til rettleidar i fylket vårt og fekk med dette gjort oss den siste store tenesta.

Um dette fortel lærar Arne Magerøy so:

Ein skulde ha trutt at vanhelsa hadde tvinga Hauge til kvild i hans siste leveår. Men so var det ikkje. Like til det aller siste hev han sett kreftene sine under eit voldsomt press, ikkje minst med brevskriving. Ogso til vårt fylke hev ei rad med brev kome. Me veit i minsto um fire. Tvo av desse er skrevne til den fyrr nemnde Jon Avleson Utheim. Originalene er i fru Kari Utheims eige. Berre det fyrste hev eg enno havt høve til å sjå. Det segjer so:

*Elskværdige medtroende!*

Da Bringeren heraf, Broder Isak Scilbred, nu er her, saa vil jeg med ham hilse Eder kjærligst, og beder Gud at Naaden i Christo Jesu være fremdeles virksom paa Eder, saa den salige Fred i Gud maatte hvile over Eder og gjøre Eders Hjerter virksomme i Guds behagelige Gjerning.

I blandt mange andre Ting ovennævnte Broder og jeg har tales ved om, er ogsaa det indvortes Menneskes Forhold til Gud. I det har vi begge klaget over Lunkenhed. NB: den elendige Lunkenhed som gjør os dovne i al god Gjerning og tillige (?) som holdes fangen af den dovenonde Søvnagtighed og føler hveken Lyst eller Kraft til det sande gode, ikke kan bede, ikke kan takke inderlig – og uduelig til al lykkelig Virken. Hvad mon Aarsagen er til denne skadelige Lunkenhed som Gud selv siger han vil vemmes ved og udspy af sin Mund, thi han er virksom stedse med sit Væsen paa alle sine aandelige igienfødte i sit Billede. Jeg mener Aarsagen til Lunkenhed kommer ifra en eller anden aandelig Sygdom for at vi enten ikke er henvendte og flittige med de aandelige Gaver Gud giver os, da den som ikke aagr



med Aand og kommer til Guds Ære, den graver sit Pund ned; og der fortabes det os – eller at hemmelige Synder trænger ind i vore Hjærter med Selvbehag til os eller til Verden. Vi modstaar Aandens Drift og giver den dovne Natur Bifald, da den elsker at slumme og er da Dovenskab i Aanden. Sjælen kan indfinde, sig saa den [ikke (?)] kan indtrænge til Gud, og derfor vil (?) Guds Aand drages ifra os for [skal vera: indtil (?)] vi bede over (skal vera: om ?) den,

Råd herimod synes jeg bedst ved sand Prøvelse, efter troende Menneskers og Jesu eget Eksempel den hele Natten over i Bøn til sin Fader og Dagen arbeidet flittig. Vi prøver os efter Guds Ord, der udfordrer Flittighed og Iver i det gode. Nu maa vi kjende vor Lunkenhed og opvække en sand Bekymring i os, en hjærtelig Sorg efter det sande liv og Løshed fra al synd. Denne sorg virker Sukken og Sukkebeden i vor Aand og optænder en hellig Ild, og saaledes optændte ere vi Gud hengivne – et nyt Liv i os.

En anden Ting har jeg og talet med denne Broder og Br. Lars Kyllingen og flere om: den Forskjeli det er nu og den første Opvækkelse for over 20 Aar siden. Den Tid syntes Mennesket og udviste i Gjerning at de vare meget fornægtet av Verden, ikke faa (vare) villige at opofre sig selv og hvad de vare betroet af legemlige Ting. Vel gikk en Del da paa en Afvej, thi istedenfor at fornægte Verden foragtede de og misbrugte andres Godhed.

Mon de nu ikke gaee paa en anden Afvej? – synes en Del især som bekjender sig til de troende, er blevet saa indstræbende (?) og saa meget Skraben sammen af jordisk Gods som de skulde være her bestandigt, eller at deres Hue og Hjærter staar til Verden.

Erfares ikke stor Forskjel på hin Tid og nu for mange? Spørger vi: Hvad er Aarsagen?

Jeg synes den ligger deri at nogle gaar frem i Formue og Agtelse. Om de end gjør vel, saa opvækker nu det og andre til en for stor higen. (Vi har jo Anledning til) at komme hjemefter dette foruden. Saa har jordisk Gods verdslige Goder

(med sig,) der føder bogstaveligen (?) rund Udkomme og let kan give lidt. Det er meget uskyldigt naar ej Hjærtet var dertil; men gav rundt efter rundt Udkomme. Men meget Gods giver stor Ære, især af Mennesketilbeden. Det giver Magelighed, Overdaadighed og koseligt Levnet m. m.

Det synes behageligt at give sine Børn Rigdoms Lod og betænke: Hvor meget arvede vi av vore Forældre? Er det Aarsagen til vor Formue? Eller er det ikke Guds frygt som giver Rigdom og Velsignelse? Var det ikke bedst at have al mulig Omsorg for vore Børn, saa de samle det aandelige og himmelske Liggendefæ? See vi ikke mange Børn træde ind i Verden med store Arvedele og dette bliver Middell i deres hænder til stor Ugudelighed og opfylder Sindet til Hinder for deres Salighed?

Dette har jeg betænket og vil betænke. Tag det ikke ilde op, jeg minder mine Medsøskende om det samme.

Kjærlig hilset af alle forekommende Venner av ovenstaaende fra den der stræber efter det Maal at formerke Guds Kraft for at faa mit Liggendefæ i Himmelen.

*Hans N. Hauge.*

BRETTVED den 5te November 1823.

I åri fyre 1820 vart det strid millom Huges vener i Romsdal. Upphavet var ein skulestrid millom provst Anders Høyem i Aukra (sokneprest i Aukra og provst i åri 1798–1823.) og klokkar Torstein Sundsbø. Klokkaren laut gå av. Men Høyem fekk motvilje mot seg hjå ætt og vener til klokkaren både i Aukra og Fræna. Uviljen var, merkeleg nok, sterkast i Fræna, kannhenda fordi den unge lærar og klokkar Knut P. Haukås varmt tok presten i forsvar. Den truande veneflokken kom inn i striden og delte seg i tvo flokkar, „venene“ og „prestepartiet.“ Kjernen i striden var denne: Er det rett å taka mot nattverden av ugudelege og farisæiske prestar? eller lya på preika deira? Striden og uviljen mot prestane breidde seg til grannesokni. Noko

dissentersamfund vart ikkje skipa; ogso „venene“ let borni sine verta døypte i kyrkja. Heller ikkje hev me høyrte gjete at dei bruka fri nattverd. Men elles kom dei sjeldan i kyrkja.

Sterkast loga striden upp sumaren 1817 etter eit møte i Fræna. Der hadde ein av leidarane for „venene“ gjenge hardt til åtak mot namntekne prestar. Han utlyste ope presten i Bolsøy, Fredrik Chr. Steenbruck for „vantruande;“ Høyem i Aukra for „kranglefant;“ provst Angell, Kvernes, „mammonstræl;“ kappellan Hans Grøn Bull, Kornstad, „ov-etar;“ Hans Motzfeldt, Bud, „ovdrikkar.“ Han heldt seg heller ikkje for god til å sneida Høyem for hans mange born. Dei nemnde prestane var vener og vitja kvarandre. „Venene“ la dette ut soleis at „det var prestane som kom saman hjå Kajafas til å samråda seg um korleis dei skulde fanga Herren med list.“ Dette vart då for grovt. Dei fleste haugianarane tok no avstand frå „venene.“ Lasse Andersson Eide frå Kleive kom ut i Fræna til Knut P. Haukås og vilde få greide på kva som var sagt um presten i Bolsøy. Lasse var medhjelpar. Striden vart langdrjug. No er det einkvan som hev skreve til Hauge um striden, og mest truleg er det vel Lasse Eide. Sumaren 1823 kom det svar frå Hauge. Men brevet var skreve – etter det Hauge sjølv i eit seinare brev opplyser – til „L. L. S. H.“ truleg Lasse Larson Hollingen. Brevet av 1823 er burtkome. Men etter det me finn sagt i neste brev må L. L. S. H. ha teke ei onnor stode i striden etter at han hadde fenge det.

Dei nemnde prestane trod etter kvart i bakgrunnen, då dei spreiduest. I Kornstad slutta striden, då H. Grøn Bull flutte til Tingvoll og ettermannen hans, kapellan Sommerschild, tok bygdeføraren Aslak Noesen Halås til medhjelpar; og lærar Nils Andersen Sørset – frå Sildnes – var både god ven med Sommerschild og ein tiltrudd haugianar. Hans Motzfeldt flutte frå Bud til Opdal. Ettermannen hans vann tillit hjå dei truande. Anders Høyem døydde i Aukra 1823.

Striden og kløyvingi heldt då fram på breidare tanke-

front. Og so underleg' snudde det seg at det vart haugiana-rane som måtte taka prestane i forsvar. Dei åminte med Hebr. 10,25: Lat oss ikkje skilja oss frå vår eigi samling. Dei vilde som fyrr samlast i kyrkja og ved nattverdsbordet der.

Som fyrr nemt tok Lasse L. Hollingen avstand frå „venene,“ og det var vonleg ei frukt av Hauges brev i 1823. I medan må Hauge sidan ha fenge høyrte meir um striden, og truleg er det at det ogso denne gongen er Lasse Eide som hev skreve. For til honom kom eit nytt hyrdingbrev <sup>26</sup> frå Hauge våren 1824. Etter brevet set han nokre tillegg, og alt skal her ordrett hermast saman med fleire underskrifter.

<sup>26</sup> Dette er kånhenda Hauges aller siste brev, skrive 23. mars 1824, altso 6 dagar fyrr Hauge slokna. det er funne i papiri etter Knut Pedersen Haukås i Fræna, den fyrr nemnde klokkaren. Brevet er no i forvaring hjå lærar A. M. Magerøy, Eide på Nordmør.

Handwritten text in Norwegian, likely a letter or document. The text is written in a cursive script and is mostly illegible due to fading and blurring. The visible words include "Handwritten text" at the top, followed by several lines of text. The text appears to be a letter or document, possibly related to a historical event or a personal communication. The handwriting is dense and fills most of the page.

1. side

Originaltekst av Hauges brev.

Handwritten text in Norwegian, likely a letter. The text is written in a cursive script and is somewhat faded. It appears to be a letter from Hauges, dated 1857. The text is written in Norwegian and mentions the date "Rocherelt 7. September 1857". The text is written in a cursive script and is somewhat faded. It appears to be a letter from Hauges, dated 1857. The text is written in Norwegian and mentions the date "Rocherelt 7. September 1857".

2. side

Originaltekst av Hauges brev.



jeg skriver nu til dig med ganske gode hilsener  
 men kan ikke komme mere end til dig selv  
 skal sandelig fra dig til den gamle sønnen  
 mig fortælle lidt om dine sprog og om  
 om du har hørt om Hans Hildsen  
 jeg tror vist du vil sætte mig til gavn  
 hvad jeg vil se med og om muligt  
 og min sønning vil jeg gerne  
 vil jeg gerne høre om dig  
 og om du vil være en del af  
 det jeg vil høre om dig  
 og om du vil være en del af  
 det jeg vil høre om dig

Hans Hildsen  
 Hildsen

Men hvis du vil sætte mig til gavn  
 og om du vil være en del af  
 det jeg vil høre om dig



Medkaldte i Nordland.<sup>27</sup>

Den Guds Naade som han begyndt en god, og salig Gjerning i os, han fuldkomme den i Jesu Navn; Kund de som blive bestandige indtil Enden, skal blive salige, og ikke de som vandre ifra Vejen. Husk hans Dom over dem som Herren fordrede Frugtene av Vingården og ikke vilde, men vendte Herrens Ejendom til sig selv: Math 21 cap. Dette er at betænke, så vi vogte os for at tilvende os hans Liggendefæ til egen Ære, naar vi høste de Ting som hører vor Herre til, og det er alt vi ejer og har, det er den allerede nu begynte Ære og Glæde at vorde Guds Børn. Maatte vi søge at stræbe derefter, saa vi kunde være evig lykkelige. Ejer Forstand, tragte efter en Ting, arbejder paa ny, for al Ting bed Gud om Kraft dertil. Erindrer: Hvad gavner det om mand vinder den ganske Verden, men tager skade på sin Sjæl?

Jeg har hørt at nogle der nord ligger i Splidagtighed, idet jeg selv har erfaret det. O, du usalige Splid! som udslukker Kjærligheden, som medfører den Elendighed at Guds Børn aandelig dræber hverandre! Hvad maa Aarsagen være hertil! Hovmodighed, den der af flydende Had og Uenighed. O, tænk på hvad den Konge sagde som havde femti Sønner, bad de tage hver sin Piske, bød og binde dem sammen! Ingen af de femti søner kunde bryde denne Bundt av Pisker; men da de løstes fra hverandre, da brækket hver sin lett. „Saa umulig kan I ødelegges, (dersom I) holder eder sammen; bliver I splidagtige, da ødelegges I let som hvær sin piske,“ sagde Kongen. Saa gaar det eder. O, vær villige at tjene, og søg derfor først for alt at forliges med eders Brødre; vær villige derimod at tjene endog eders Fiender; Skulde da en Broder eller Søster enten forsætlig stifte Splid eller ikke

<sup>27</sup> Det nordanfjellske Noreg kaller sørlendingen ofte «Nordland»

tilgive, saa hold en saadan for ugudelig. Math 18. cap. Vær kjærlighedsindet og glem ikke at gjøre vel, det formaner eders svage men inderlig længselsfulde Broder, ønsker eder særlig naade som maatte tiltages,

Borttveitt 23 Marts i 1824.

*Hans N. S. Hauge*

Jeg hilser eder alle kjærlig, kan ikke nævne eder alle ved Navn. Jeg forstaar I har faaet det jeg skrev i Sommer. Den Erindring jeg gav dig, L. L. S. H. tror jeg ikke er for-gjæves og uden Virkning. Kjære, skriv mig da til! Hører dog du gamle Broder Ole Stien ikke er uvirksom. Herren vor Gud styrke de opriktige tro Guds Tjeneres Hjerter i Virksomhed at forkynde Guds Navn som os kaldte fra Mørket til Lyset!

*Melodi: O Gud, du fromme Gud*

Vor Tid den rinder hen,  
til Evighed vi iler.  
Naar Døden var vor Ven  
og Legemet i Graven hviler,  
hvor meget godt den får  
som tæller Tiden her!  
Den Skole for os var,  
dertil udaf dig ler.

Idag jeg atter har  
et Aar i Tiden endet.  
Hvo ved om flere Aar  
mer endnu på mig venter?  
Gid jeg min Livets Tid  
til sidste Andedrag  
min Sag den salig blir,  
når (jeg i) Verden viser mig svag.

Saa jeg min Aand i Gud  
min Faders Haand befaler.  
Da vil det salig Bud  
som jeg så ofte her har bedt  
og det ustanselig, om  
den glæde uden sorg,  
eje evig Fryd og Fred  
i Himlens salig Borg.

Jeg vandrer endnu her  
 med Fryd og Fred beblandet  
 for ej at snuble mer  
 saa min Sjæl skal forandres  
 fra lysets Herlighed  
 som Gud mig haver vist;  
 dog Mørket hænger ved,  
 vil ofte føre Tvist.

Jeg tror vist den Gud  
 som mine Baand forløser,  
 bevar mig ved sit Bud  
 og Kjærlighed indøser  
 i min hungrige Sjæl  
 mens jeg i Tiden er,  
 Seier til Evigt vel,  
 Synden hersker ej mer.

Den sidste Dag skal ej  
 mig ubetenkt anfalde.  
 Jeg vandrer trange Vej,  
 Gud inderlig paakalder.  
 Han hjælper den som tror  
 og holder fast ved Ham.  
 Hos sine Han vil besynges  
 (med) Evig sejers Sang.

*Fader vor, du som er i Himlen:  
 Helligt vorde dit Navn;  
 Tilkomme dit Rige!  
 Skee din Vilje som i Himmelen, saa og paa Jorden;  
 Giv os idag vort daglige Brød;  
 Og forlad os vor Skyld -  
 som vi og forlade vore Skyldende -*

Med dette endar brevet. Våren 1824 kom also dette brevet frå Hauge til Lasse A. Eide i Kleive. Han skreiv då ogso sitt namn under brevet, gjekk so til Fræna og fekk Knut P. Haukås til ogso å underskriva. Me må helst tru at Lasse hev halde møte i Kleive, Bolsøy og Julsundet og lese brevet upp. I alle fall veit me at Knut P. Haukås heldt møte i Malmefjorden, Tornes, Bud, Hustad, kanhenda ogso i Eide på Nordmøre og las upp brevet. Og brevet vart gøymt i skatolet hans Knut. Gamle Ole Stien, Bud, som hittil hadde halde seg heilt utanfor striden, mana no til fred og samhald. Striden stillna. Men det glødde under oska, alt til presten

Christian Dick kom til Aukra 1857<sup>28</sup>. Påskedag samme året heldt Dick ei preike i Kvernes kyrkje. Den preika gjorde heilt ende på striden i ytre nordmørsgrendene. Ved den preika vart Løve Halås umvend, „Fyrr hadde han vore ei „Satans burande løve,“ no vart han „løva av Juda,“ hermer dei etter ein kall på Eide, Nordmøre. Dick preika i bygdene rundt i kring og vart no ein leidar for alt kristeleg åndsliv i Romsdal og på Nordmøre. Namnet Dick er eit kristeleg passord den dag i dag likeso mykje på Averøy og Storlandet, i Eide på Nordmøre som i Fræna, Aukra, Bud, Hustad, Bolsøy og Kleive. Det gamle kjeklet drukna reint i åndsbarone frå Dick. Berre på Tornes vart det att nokre som stod på den gamle stridsfoten. Dei vart alle dagar ein flokk for seg, og til sist gjekk dei over til pinsevenene.

Med tidi vart det fleire prestar som lærde å sjå onnorleis på haugerørsla enn opplysningstidi hadde gjort. Her skal hermast eit døme. Provst P. Chr. T. Holtermann, sokneprest til Kvernes 1828–1847, skriv i sine „Erindringer fra Kværnes Præstegjeld:“

„Hans Nielsen Hauges Venner havde før min Tid temmelig megen Udbredelse i Kornstad Sogn, meget mindre i Bremsnes og ingen i Hovedsognet Kværnes. Fra Borndommen opvokset i den Fordom at Haugianerne tor en stor Del var Hyklere og Farisæere, sympatiserede jeg i Begyndelsen ikke med dem. Men ved at give Agt på deres Levnet og Omgjængelse, fik jeg efterhaanden Agtelse for dem, og følte mig uvilkårlig opfordret til at betro dem Tillidsposter, såsom at blive Medhjelpere m. m. Ganske i Modsætning til det gamle Ord at skabbet Får kan besmitte den hele hjord, kan man også gjøre den Erfaring at enkelte oprigtige kristelige Personer eller Familjer efterhaanden kan komme til ved følgeværdigt Exempel at udøve en saare velgjørende Indflydelse på Naboer og Sambygdinger både i nærmere og fjærnere Kredse, og det uden noget sekterisk eller Dissen-

<sup>28</sup> Dick hadde vorte umvend på eit haugianarmøte i Opdal.

tervæsen. Efter Sognebud på Gaarden Uthem viste Manden, som var en særdeles Agtværdig Haugianer, mig om i sit gode Hjem og kom derved ind i et større Værelse, smukt udstyret med Maling og allehaande Bohave m. m. På mit Spørgsmål oplyste han at dette Værelse tidligere benyttedes til Opbyggeler og gudelige Sammenkomster, i den senere tid sjældnere brugt. Manden har blandt flere Børn en Søn som hæderlig og dygtig indehaver af Fædrenegaarden og en yngre Søn som meget begavet theologisk Kandidat, og jeg ved ingen hjærteligere Bøn om Guds Velsignelse at nedbede fra Himlen over de kjære Brødre end at de må blive lige-så gode kristne i Tænkemåde og Levemåde som deres Fader, Johan Uthem har været.“

Vil vår tids truande kristenflokk få same gode ettermæle?

Etter meir gransking er me komne til at bolken side 6, som tek til so: Men i 1801 finn me atter Hauge osb. bør brigdast til å lyda:

Men i 1801 finn me atter Hauge i Bergen. No set han seg ned som handelsborgar. <sup>5</sup> Han gjer denne sumaren ein tur til Sunnfjord. Det gjeld ein sildehandel. Men på denne turen må han truleg vera komen like til Romsdal. For Mads Hukkelberg veit at Hauge var i Aukra sumars tid og sette upp eit sagbruk på Helset og lærde folket å saga. Det er ikkje godt å finna plass til dette anna enn sumaren 1801 – då truleg tidleg sumar, som er høvelegaste tidi til å byggja. Etter dette er han atter i Bergen. Men tidleg haust tek han nordover med fire skutor. Sjølv gjeng han landevegen. Han fer framum Gloppa, og rimeleg hev han vel ogso denne gongen gjesta Volda og er komen til vårt fylke i oktober. No finn me honom verksam i Aukra. Johan Bredal Wessel – ein brorson til Tordenskjold – var prest der. Dette var ein godsleg og folkekjær mann. Men han vilde ikkje tillata Hauge å halda møte. Ein av Hauges vener på Gossa (Nord-Aukra) var lærar og kyrkjetenar Kolbein Kolbeinson Nerbø. Han avtala med Hauge eit møte i heimen sin, soleis at Hauge skulde koma roande i båt ein laurdagskveld. So vilde Kolbein og kona fara burt, so berre tenestgjenta var heime. Folket skulde varslast å koma, so Hauge berre hadde å byrja møtet med same han kom. Um dette vart gjort soleis som tenkt, veit me ikkje; heller ikkje um dette hende tidleg sumars – som vel er det rimeligaste – eller det var no på hausten.

Frå Aukra reiste Hauge til Tornes, Bud osb.

H.N.Hauges ferder i  
Møre og Romsdal  
fylke.

1. Volda.
2. Ålesund.
3. Molde.
4. Kr.sund. N.
5. Åsskar.
6. Aukra.
7. Hustad.
8. Indre Fræna.
9. Årøy.
10. Torvik.
11. Kleive.
12. Ålvund-  
eid.







